



DEN NORSKE KYRKJA

Bjerkreim sokn

Innkalling

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 21.01.2026, 19:30

Lokale: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2026-3

Til: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Annbjørg Gravdal Larson (Nestleiar), Per Børge Hillestad (Prest), Andreas Osland (Medlem), Jan Tore Gjedrem (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Vegard Mong (Medlem)

Vara: Aslaug Marie Undheim (Varamedlem), Bente Gro Milwertz Slettebø (Varamedlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem), Oddrunn Veen (Varamedlem), Olav Nygård (Varamedlem), Tore Soteland (Varamedlem)

Tekstlesing v/Valborg. 4. søndag i openberringstida: Luk. 18, 35-43, Den blinde mannen ved Jeriko.

Neste møte: opning v/Jane

Kl 19.30 kjem Tollef Gjedrem eller Gudmund Oremo frå misjonsprosjektet Window of Hope.

Prost Ingun Stokstad Barane kjem kanskje og deltek i møtet sidan Per Børge er i permisjon. Ikkje heilt avklart.

Kari Tove har meldt forfall, så Gunn Tone møter med stemmerett og Aslaug stiller som vara.

Litt mange sider, men 18 sider er statistikk frå i fjor berre til orientering og svært lite på kvar side.

Sakslisten

Faste Saker

001/26 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste 21.01.26

002/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 3. desember 2025

Møtesaker

003/26 FR: Foreløpig rekneskap 2025. Budsjett for 2026

004/26 FR - Status stab og stillingar pr. 14. januar 2026

005/26 SR: Status: Misjonsprosjektet Window of Hope

006/26 SR - Utleige kyrkje til julekonsert, Hanne Sørvåg

Orienteringssaker

00001 FR - Årsstatistikk for 2025

Gudbjørg Bjerkreim
leder

Astrid Apalset Vassbø
sekretær

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	411	BS2026-3	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Bjerkreim sokneråd	001/26	21.01.2026

001/26 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste 21.01.26

Saksframlegg

I "Forskrift om reglar for verksemda til soknerådet og kyrkjeleg fellesråd" §6, 1. ledd står det:

"Soknerådet/kyrkjeleg fellesråd" kan vedta med vanleg fleirtal å utsetje realitetshandsamling av ei sak på saklista som er sendt ut. Det kan òg gjera vedtak i ei sak som ikkje står på saklista, dersom ikkje møteleiaren eller 1/3 av medlemmane som er møtt fram set seg mot dette."

Godkjenning av innkalling og sakliste skjer for lukka dører slik at soknerådet på fritt grunnlag kan vurdere om saker bør skje for lukka dører. §3 i same reglane seier følgjande: Møte i sokneråd/kyrkjeleg fellesråd vert halde for opne dører dersom ikkje anna er bestemt av rådet. Personalsaker og saker med lovbunden teieplikt skal handsamast for lukka dører. Debatt om ei sak skal handsamast for opne eller lukka dører, skal gå føre seg for lukka dører.

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	411	BS2026-3	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Bjerkreim sokneråd	002/26	21.01.2026

002/26 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 3. desember 2025

Vedlegg liste

1 Protokoll Bjerkreim sokneråd 03.12.2025.pdf

Saksframlegg

Viser til tidlegare utsendt og vedlagt protokoll frå møte 3. desember.

Forslag til vedtak

Protokollen frå 3. desember 2025 vert godkjent.

Signeringsinformasjon

Side 1/1



Protokoll: Bjerkreim sokneråd onsdag 03. desember 2025

Navn	Signert med	Tidspunkt
Gudbjørg Bjerkreim	BankID OIDC High	2025-12-09 12:54:17
Annbjørg Gravdal Larson	BankID OIDC High	2025-12-09 14:47:39



Dette dokumentet er elektronisk forseglet og inneholder elektroniske signaturer

Møteprotokoll

Råd: Bjerkreim sokneråd

Dato og tid: 03.12.2025, 19:00

Stad: Bjerkreim kyrkjekontor

Saksmappe: BS2025-28

Til stades: Gudbjørg Bjerkreim (leiar), Annbjørg Gravdal Larson (Nestleiar), Per Børge Hillestad (Prest), Andreas Osland (Medlem), Jan Tore Gjedrem (Medlem), Jane Fuglestad Rønning (Medlem), Kari Tove Vikeså (Medlem), Kristoffer Gilje (Medlem), Valborg Bjerkreim (Medlem), Bente Gro Milwertz Slettebø (Varamedlem), Gunn Tone Grastveit Nilsen (Varamedlem)

Forfall: Vegard Mong (Medlem)

Protokollfører: Astrid Apalset Vassbø

Gudbjørg las søndagens tekst sidan Valborg kom litt seint. Per Børge fekk utkall og måtte køyre like før møtestart. Rett i etterkant av samlinga hadde rådet felles juleavslutting med alle tilsette.

Sakslista

Faste Saker

060/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste 03. des. 25

061/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 12. november 2025

Møtesaker

062/25 FR - Val av leiar og nestleiar til sokneråd/fellesråd 2026

063/25 FR - Status stab og stillingar, framdrift prestevikar

064/25 SR - Tildeling av offer til gudstenestene i 2026

Gudbjørg Bjerkreim
leiar

Annbjørg Gravdal Larson
Nestleiar

060/25 FR - Godkjenning av innkalling og sakliste 03. des. 25

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.12.2025	060/25

Forslag til vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Innkalling og sakliste vert godkjent.

061/25 FR - Godkjenning av protokoll frå møte 12. november 2025

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.12.2025	061/25

Forslag til vedtak

Protokollen frå 12. november 2025 vert godkjent. Merk at i sak 58/25 skulle det stå at samtalegudstenesta er 20. mai, ikkje 20. august.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Protokollen frå 12. november 2025 vert godkjent. Merk at i sak 58/25 skulle det stå at samtalegudstenesta er 20. mai, ikkje 20. august.

062/25 FR - Val av leiar og nestleiar til sokneråd/fellesråd 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.12.2025	062/25

Forslag til vedtak

1. _____ vert valt som leiar i Bjerkreim sokneråd/fellesråd for 2026.
2. _____ vert valt som nestleiar i Bjerkreim sokneråd/fellesråd for 2026.

Møtebehandling

Både leiar og nestleiar stilte sine verv til disposisjon. Gudbjørg Bjerkreim som leiar var likevel villeg til å ta på seg vervet eitt år til.

Annbjørg Gravdal Larson ynskte ikkje å halde fram som nestleiar. På oppfordring sa Andreas Osland seg villeg til å gå inn i dette vervet.

Avstemming:

Leiarvervet: 9 stemmer for Gudbjørg, ingen blanke stemmer.

Nestleiar: 8 stemmer for Andreas, ein blank stemme.

Vedtak

1. Gudbjørg Bjerkreim vart valt som leiar i Bjerkreim sokneråd/fellesråd for 2026.
2. Andreas Osland vart valt som nestleiar i Bjerkreim sokneråd/fellesråd for 2026.

063/25 FR - Status stab og stillingar, framdrift prestevikar

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.12.2025	063/25

Forslag til vedtak

Soknerådet tek informasjonen ang. permisjonen til sokneprest og forlenging av engasjementet til kyrkjeverja til orientering.

Møtebehandling

Forslag til vedtak vart einstemmig vedtatt.

Vedtak

Soknerådet tek informasjonen ang. permisjonen til sokneprest og forlenging av engasjementet til kyrkjeverja til orientering.

064/25 SR - Tildeling av offer til gudstenestene i 2026

Saksbehandlar	Møtedato	Saksnummer
Astrid Apalset Vassbø	03.12.2025	064/25

Forslag til vedtak

1. Alle faste offerføremål blir prioritert ved tildeling av offer.
2. Deretter følger denne tildelinga (avstemminga vil vise kva andre føremål som får tildelt offer):
3. Offer høgtidsdagar i 2026 (dette rullerer): 1. påskedag er NMS, 1. pinsedag er ImF og 1. juledag er NLM. Normisjon får siste offeret på julafta, i tillegg til misjonsprosjektet og Kirkens Nødhjelp.
4. Det vert sett av fem offer til misjonsprosjektet i løpet av 2026.
5. Fem av offera går til soknet sitt eige arbeid: tre til kyrkjeleg undervisning og læring, to til diakonalt arbeid.

Møtebehandling

Soknerådsmedlemmene kryssa av for inntil 14 offermottakarar for 2026. Ni skjema vart levert inn. I tillegg vart forslag til vedtak einstemmig vedtatt.

Vedtak

1. Alle faste offerføremål blir prioritert ved tildeling av offer.
2. Deretter følger denne tildelinga (avstemminga vil vise kva andre føremål som får tildelt offer): 9 soknerådsmedlemmer leverte skjema. Ved stemmelikhet står offerføremåla alfabetisk:
 - 9: KRIK Bjerkreim
 - 6: Bildøy Bibelskole
 - 5: Evangeliesenteret, Kirkens bymisjon, Mercy Ships, Søndagsskolen Norge, Åpne dører
 - 4: Acta - barn og unge i Normisjon, Kirkens SOS, Misjonsalliansen, Stefanusalliansen,
 - 3: Bibelskolen i Grimstad, MAF Norge, Maritastiftelsen, Misjonssambandet Ung, Stine Sofies stiftelse, Wycliffe
 - 2: Blå Kors, Care Norge, Institutt for sjelesorg - Modum Bad, KRIK, LEVE - landsforeningen for etterlatte ved selvmord, Stiftelsen Menneskeverd, Misjon uten grenser, Norea Mediemisjon, NKS - Norges Kristelige Studentforbund, Rådet for psykisk helse, Stiftelsen Barnevakten, Ungdom i Oppdrag, Vake - kirkelig ressurscenter mot seksuelle overgrep
3. Offer høgtidsdagar i 2026 (dette rullerer): 1. påskedag er NMS, 1. pinsedag er ImF og 1. juledag er NLM. Normisjon får siste offeret på julafta, i tillegg til misjonsprosjektet og Kirkens Nødhjelp.
4. Det vert sett av fem offer til misjonsprosjektet i løpet av 2026.
5. Fem av offera går til soknet sitt eige arbeid: tre til kyrkjeleg undervisning og læring, to til diakonalt arbeid.

Protokoll: Bjerkreim sokneråd onsdag 03. desember 2025

Navn

Annbjørgr Gravdal Larson

Dato

2025-12-09

Navn

Gudbjørg Bjerkreim

Dato

2025-12-09

Identifikasjon



Annbjørgr Gravdal Larson

Identifikasjon



Gudbjørg Bjerkreim



Dette dokumentet inneholder elektroniske signaturer som bruker EU-kompatible PAdES - PDF Advanced Elektroniske signaturer (forordning (EU) nr. 910/2014 (eIDAS))

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	112	BS2025-2	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Bjerkreim sokneråd	003/26	21.01.2026

003/26 FR: Foreløpig rekneskap 2025. Budsjett for 2026

Saksframlegg

Denne saka har to deler: Foreløpig resultat for 2025 og eit første utkast til budsjett for 2026. Det er enno for tidleg for å få endeleg oversikt over resultatet for 2025, men utskrifta pr 15. januar viser om lag kvar vi kjem til å lande, på eit solid pluss. Når det gjeld budsjettet for 2026 må dette arbeidast meir med, men det er godt nok til ein første gjennomgang.

Merk at tal med minus (-) framfor er positive/inntekter.

Kyrkjeverja vil legge fram foreløpig rekneskap og forslag til budsjett i møtet.

Det er to vedlegg til denne saka:

1. Utskrift over rekneskap pr 15. jan 2026 vs budsjett 2025.
2. Budsjett 2026 jfr rekneskap pr 7. jan. 2026

Det er litt ulike tal i kolonnene for rekneskap 2025 i dei to vedlegga pga ulik utskriftsdato. Den største forskjellen er at det kom inn nesten kr 70 000 i renteinntekter i veka mellom der, slik at overskotet steig tilsvarende.

Foreløpig resultat for 2025

Les tabellen slik:

1. Første spalte: Rekneskapstal pr 15.01.25, her kjem det nok med litt meir både inn og ut før endeleg resultat er klart.
2. Andre spalte: Budsjettet slik det vart vedtatt i 2025.
3. Siste spalte: Prosent forbruk. 100 betyr at rekneskap er identisk med budsjett. Tal under 100 er underforbruk, over er overforbruk jfr budsjett.

Første inntrykk etter gjennomgang av årsresultatet for 2025 er eit altfor stort overskot på nesten kr 830 000. Nokre forklaringar på dette:

- To postar som forklarar ein stor del av denne er kr 257 017 i renteinntekter og kr 212 452 som bispedømet har betalt for at kyrkjeverja har vore frikjøpt til å arbeide 20 prosent med HR-prosjektet. Dette gjev ein totalsum på ca kr 470 000. Om ein trekk denne summen frå mindreforbruket for 2025 blir talet meir fornuftig.
- Det har vore svært få gravferder i Bjerkreim i 2025. I 2024 inngjekk soknet ny avtale med gravar, og prisen pr grav steig frå kr 4000 til kr 7000. Dette skulle tilseie at vi fekk ein stor auka kostnad til dette med heilårsverknad frå 2025, men pga få gravferder har vi ikkje fått denne auken. Ein del fleire enn

tidlegare år vel kremasjon, noko som kostar ein del, men likevel mindre enn graving av ei kistegrav. Soknet har betalt for 11 kistegraver i 2025 mot 21 i 2024.

Ting vi har brukt pengar på i 2025:

1. Nytt rekkverk framme i Bjerkreim kyrkje. Det ligg inne i budsjett for 2026 å få dette i lvesdal òg.
2. Nye nettsider og dataprogram mellom anna til gudstenesteplanlegging. Opning for eksempelvis å reservere tid for dåp via nett.
3. Det låg inne midlar i budsjettet til tak over døra inn til bårerommet på kyrkjegarden på Bjerkreim, men det har vi ikkje kome igang med
4. Garness-konserten. Konserten gjekk litt i minus, men opplevinga var verd det.
5. Det er verd å merke seg at lønene har stige ein del i 2025, dette er lagt inn i 2026-budsjettet.

Budsjett 2026

Vi har fått melding frå Bjerkreim kommune om at vi vil få overført kr 3 376 000. I fjor mottok vi kr 3 667 000 i 2025. Då ligg det inne ein deflator på 4,6% og i tillegg kr 215 000 for å dekke 25% diakonistilling og kr 20 000 til å dekke tilstandsrapport for kyrkjene. Det må avklarast om det skal trekkast frå noko av tilskotet til det soknet kjøper av tenester til rekneskap, lønsføring, vaktmestertenester mm.

Kyrkjeverja sjekkar opp desse tala fram mot soknerådsmøtet, det virkar unaturleg med ein kutt i tillegg til det som ligg inne til diakonstillinga.

Vi er heldige og har ein god økonomi som gjev oss spelerom til å få gjennomført mykje av det vi ynskjer og ser behov for. Eksempelvis at vi kan tilby eit konfirmantopplegg som har kostnader som er ein del høgare enn dei kr 1500 kvar konfirmant betaler. Og det er heilt i orden og eit uttalt ynskje.

I budsjettet legg vi mellom anna opp til:

1. Rekkverk framme i kyrkja på lvesdal
2. kr 50 000 til ein fest for frivillige. Soknet har god råd og bør invitere med bedehus og misjonshus til ein fest for alle frivillige med god mat og god underhaldning. G
3. Midlar til å planlegge og evt byggje eit overbygg over døra til bårerommet i bårhuset. Dette er ynskjeleg for å gje litt le når det er mykje regn eller snø.
4. Det som likevel er høgast prioritert er minnelunda på Bjerkreim. Det er ein del midlar til dette på eige fond, men om det ikkje er nok på dette fondet har vi midlar som kan brukast slik at det vert gjort skikkeleg.

Budsjettet vil bli gjennomgått i møtet. Still gjerne spørsmål og kom med innspel. Budsjettet er eit dokument som vil bli endra fleire gonger gjennom året, og som vanleg vil det bli tatt opp og samanstillt med rekneskapen og revidert undervegs dersom soknerådet finn dette klokt.

Det er ofte vanskeleg å få oversikt over rekneskap og budsjett. Kyrkjeverje legg opp til å ha ein presentasjon av denne saka i møtet.

Forslag til vedtak

1. Foreløpig rekneskap for 2025 vert tatt til orientering.
2. Budsjettet for 2026 vert vedtatt.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	200	BS2024-16	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Bjerkreim sokneråd	004/26	21.01.2026

004/26 FR - Status stab og stillingar pr. 14. januar 2026

Vedlegg liste

1 SKM_C25826011414330.pdf

Saksframlegg

1. Ronny søker forlenga permisjon

Ronny Myksvoll arbeider pr. dd i 80 prosent; 50 prosent som diakon og 30 prosent som menighetsarbeidar. Han har permisjon i 20 prosent frå menighetsarbeidarstillinga si, og har sendt søknad om å halde fram med denne permisjonen første halvår 2026. Han skriv i søknaden at det kan kome ny søknad etter denne perioden.

Kyrkjeverja si vurdering er at soknerådet bør seie ja til denne søknaden. Ingelin Ognedal har som ungdomsarbeider tatt over ein del av dei oppgåvene som tidlegare vart gjort av menighetsarbeidaren. Ronny og Ingelin utfører tilsaman oppgåvene og aktivitetane som ligg fast inne for ulike aldersgrupper. Soknet sparer naturlegvis òg 20 prosent lønsutgifter ved å innfri dette ynsket.

1. Permisjon for prest

Pr. onsdag 14. januar har ein prest fått tilbod om stillinga som sokneprest i Bjerkreim det året Per Børge skal ha permisjon. Vi håpar at svar vert gjeve i løpet av veka slik at det kan informerast om dette i gudstenesta 18. januar.

Etter samtale med prost Ingun Stokstad Barane blir dette planen for gudstenester framover:

- 25. januar - gudstenesta går ut
- 1. februar - månadsfri (er planlagt)
- 8. februar - Sverre Jacobsen held gudsteneste i Bjerkreim kyrkje, han deltek på møteveke på bedehuset
- 15. februar - fam.gudsteneste på misjonshuset v/Ronny M.
- 22. februar - gudsteneste Bjerkreim kyrkje v/Svein Gunnar Sakseid
- 1. mars - månadsfri (er planlagt)
- 8. mars - 1. gudsteneste med ny prest

Prosten har informert om at ho kanskje tek turen og deltek på soknerådsmøtet for å kunne informere meir ang. kva som skjer i permisjonstida.

Forslag til vedtak

1. Ronny Myksvoll får forlenga permisjon i 20 prosent frå stillinga si som menighetsarbeidar fram til 1. juli 2026.
2. Informasjonen ang. status for prestevikar vert tatt til orientering.

14.1.25

Soknerådet, Bjerkreim sokn v/ kyrkjeverge Astrid A. Vassbø

SØKNAD OM ULØNNET PERMISJON

Jeg søker herved om forlengelse av 20% ulønnet permisjon i min stilling som menighetsarbeider for å arbeide videre med mine prosjekter. Søknaden gjelder frem til og med 30.6.26, med mulig ønske om ytterligere forlengelse.

Vennlig hilsen,



Ronny Myksvoll

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	650	BS2024-35	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Bjerkreim sokneråd	005/26	21.01.2026

005/26 SR: Status: Misjonsprosjektet Window of Hope

Saksframlegg

Bjerkreim sokn har samarbeidsavtale med prosjektet "Window of Hope" i Kenya. Tollef Gjedrem eller Gudmund Oremo vil kome på soknerådsmøtet og fortelje om status for prosjektet og kva midla for 2025 frå soknet har blitt brukt til.

i 2025 kom det totalt inn kr 85 265 til misjonsprosjektet på fem ofringar.

Tollef Gjedrem er for tida og besøkjer prosjektet i Kilgori, Kenya, difor rekk han ikkje å sende oss ein økonomisk oversikt for fjoråret før innkallinga går ut.

På låvefesten før jul vart det opplyst at det er oppdaga økonomisk utruskap i prosjektet, og det er naturleg at soknerådet vert informert meir om dette og korleis det er tatt tak i dette.

Misjonsutvalet vert spesielt invitert med på denne saka.

Forslag til vedtak

Soknerådet tek informasjonen til orientering.

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar	Klasse	Saksmappe	Gradering
Astrid Apalset Vassbø	632	BS2024-44	Ingen skjerming

Råd/utval	Saksnummer	Møtedato
Bjerkreim sokneråd	006/26	21.01.2026

006/26 SR - Utleige kyrkje til julekonsert, Hanne Sørvalg

Saksframlegg

Hanne Sørvalg har tatt kontakt og spurt om ho kan leige Bjerkreim kyrkje til julekonsert 25, 26, 27 eller 29. november. Kyrkjeverja har gjeve henne tilbakemelding om at dette truleg er heilt i orden, men at soknerådet avgjer dette i møtet 21. januar.

Pga kulturdagen som brukar vere 1. søndag i advent (29. november) har vi antydning at fredag 27. november kan vere ein god dag.

Sørvalg leiger kyrkja og stiller sjølv med alt mannskap og utstyr og betaler leige ut frå gjeldande reglar. Soknet stiller med eit par brannvakter og tilbyr å henge opp plakatar på førehand.

Det er ikkje meldt inn andre julekonsertar i 2026 utanom den tradisjonelle som soknet sjølv har ansvar for. Denne er 20. desember.

Forslag til vedtak

Hanne Sørvalg kan gjerne leige Bjerkreim kyrkje til julekonsert i november. Betaling etter gjeldande regelverk for utleige av kyrkje til konsert til utanbygds aktørar. Endeleg dato vert fastsett i dialog mellom Sørvalg og kyrkjeverje.

ORIENTERINGSSAK

Saksbehandler	Møtedato	Saksnummer
	21.01.2026	00001

00001 FR - Årsstatistikk for 2025

Vedlegg liste

1 2026 SSB Statistikk.pdf

Informasjon

I januar hvert år leverer alle fellesråd og sokn inn ein detaljert årsstatistikk for aktivitet, tal på frivillige, innsamla midlar ++ for året før. Vedlegget viser det Bjerkreim sokn har levert inn i 2026 for 2025.

Dette til orientering.



Statistisk sentralbyrå

Årsstatistikk for Den norske kyrkje (RA-0842)

Dato sendt: 15.01.2026 / 08:49
Avsendar: 976993500-BJERKREIM SOKN
Mottakar: Statistisk sentralbyrå
Referansenummer: 0cee9a46c0d9

De skal gi opplysningar om:

Namn: BJERKREIM SOKN

Organisasjonsnummer: 976993500

Plassering: Nesjane 5, 4389 VIKESÅ

De skal rapportere for perioden 2025

Brucar du Kardinal (Kirkedata AS) eller Medarbeideren (Vitec Agrando), og ønskjer å laste opp fil frå eitt av desse systema?

Nei

Kyrkjelege handlingar



Kyrkjelege handlingar

For føring av dei kyrkjelege handlingane vil medlemsregisteret vere eit utgangspunkt for grunnlagstal.

Kor mange blei konfirmerte i soknet?

36 stykk

Kor mange kyrkjelege vigslar blei utførte i soknet?

8 stykk

Kor mange deltakarar var det ved kyrkjelege vigslar utførte i soknet?

0 stykk

Kor mange forbønshandlingar for borgerlege giftemål blei utførte i soknet?

1 stykk

Kor mange kyrkjelege gravferder (jordpåkastingar) blei forretta for befolkninga i soknet?

12 stykk

Kor mange av gravferdene blei forretta i soknets kyrkje(r)?

13 stykk

Kor mange deltakarar var det ved gravferder forretta i soknet?

0 stykk

Gudstenester, etter dag

Informasjon om gudstenester

Her skal du fordela gudstenester etter om dei vart haldne på søn- eller heilagdag, eller utanom søn- eller heilagdag. Før talet på gjennomførte gudstenester, også gudstenester på institusjon. Andakter skal ikkje teljast med. Viss fleire sokn held felles gudsteneste, er hovudregelen at gudstenesta og deltakarane blir førte i det soknet der gudstenesta fann stad, men avhengig av kven som hadde ansvaret for gjennomføringa av gudstenesta.

Følgende er å rekna som gudsteneste utanom høgmesse/hovudgudsteneste:

- Morgonsong
- Aftonsong
- Kveldsbøn
- Barnehagegudsteneste
- Samtalegudsteneste
- Skulegudsteneste
- Vandregudsteneste
- Temagudstjeneste
- Musikk gudsteneste
- Gudsteneste på leir som tilhøyrrer sokna
- Tidebønsgudstenester med liturgisk innhald
- Dåpsgudstenester

Fordel gudstenester på om den vart halden på ein søn- eller helgedag, eller utanom ein søn- eller helgedag.

Søndager

Hvor mange gudstjenester hadde dere? : **46 stykk**

Hvor mange deltakelser hadde dere? : **5 951 stykk**

Ikkje søndager

Hvor mange gudstjenester hadde dere? : **6 stykk**

Hvor mange deltakelser hadde dere? : **798 stykk**

Gudstenester, etter stad

Gudstenester, etter stad

Her skal du fordela gudstenestene på nytt etter noko som stad gudstenestene vart avhalden.

Tal på gudstenester avholdt i soknets kyrkje(r)

45 stykk

Tal på gudstenester avholdt på institusjon i kyrkjelyden

1 stykk

Tal på gudstenester avholdt på annet sted, verken i kyrkje(r) eller på institusjon i kyrkjelyden

6 stykk

Totalt tal på gudstenester

52 stykk



Gudstenester, etter type

Her skal du fordela gudstenestene på nytt etter kva typar gudstenester som vart haldne. Skriv 0 viss det er ein type gudsteneste sokna ikkje har.

Gudstenester med nattverd

Tal på gudstenester med nattverd

21 stykk

Tal på personar til nattverd

1 923 stykk

Gudstenester med skriftemål

Tal på gudstenester med skriftemål

0 stykk

Gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

13 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for barn og ungdom

2 107 stykk

Gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

1 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for barnehagebarn

67 stykk

Gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

Tal på gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

2 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester særlig tilrettelagd for skolebarn

525 stykk

Gudstenester med dåp

Tal på gudstenester med dåp

13 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester med dåp

1 734 stykk

Konfirmasjonsgudstenester

Tal på konfirmasjonsgudstenester

3 stykk

Tal på deltakingar på konfirmasjonsgudstenester

711 stykk

Julaftansgudstenester

Tal på julaftansgudstenester

3 stykk

Tal på deltakingar på julaftansgudstenester

688 stykk

Gudstenester i påska

Tal på gudstenester i påska

4 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester i påska

595 stykk

Gudstenester i pinsa

Tal på gudstenester i pinsa

1 stykk

Tal på deltakingar på gudstenester i pinsa

166 stykk

Gudstenester med samisk innslag

Tal på gudstenester med samisk innslag

0 stykk

Allehelgensgudstenester

Tal på allehelgensgudstenester

1 stykk

Tal på deltakingar på allehelgensgudstenester

95 stykk

Økumeniske gudstenester

Tal på økumeniske gudstenester

0 stykk

Temagudstenester med fokus på miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon

Tal på temagudstenestergudstenester

1 stykk

Tal på deltakingar på temagudstenester

134 stykk

Felles gudstenester

Blei det arrangert felles gudsteneste(r) med andre sokn?

Nei

Besøk av barnehagar

Vart kyrkja besøkt av barnehage(r) utanom gudstenester?

Nei

Besøk av skuleklassar

Vart kyrkja besøkt av skuleklasse(r) utanom gudstenester?

Ja

Tal på besøk heldt

10 stykk

Tal på besøkjende klassar

20 stykk

Besøk i barnehagar

Vart barnehage(r) besøkt av prest, kateket, trusopplærer eller annan kyrkjelydsarbeidar?

Nei

Besøk i skuleklassar

Vart skuleklasse(r) besøkt av prest, kateket, trusopplærer eller annan kyrkjelydsarbeider?

Ja

Tal på besøk heldt

0 stykk

Tal på skuleklassar besøkt

0 stykk

Kyrkjelydsdriven barnehage



Kyrkjelydsdriven barnehage

Dette gjeld barnehagar som Den norske kyrkja/kyrkjelyden eller soknerådet driv, eller der kyrkjelyden er inne som eigar, sitt i stiftinga og liknande, og som kyrkjelyden reknar som "sin barnehage".

Dersom kyrkjelyden driv åpen barnehage, fører ein talet på barn som barnehagen er godkjend for. Med åpen barnehage meiner ein: "Åpne barnehagar har inga fast gruppe av barn, men tek imot barn saman med foreldra eller andre vaksne til leik og sosialt samvær."

Dreiv kyrkjelyden barnehage?

Nei



Informasjon om resten av utfyllinga

I resten av skjemaet skal det blir opplysningar førte om verksemda som soknerådet, dei tilsette og/eller prestane har ansvar for, og som inngår i planane og rapportane frå soknerådet. Dersom fleire sokn samarbeider om eit tiltak/tilbod, skal det først i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal først i soknet der aktiviteten fann stad.

i Tilbud til barn 0–12 år

Her føres opplærings- og diakonale tilbud til ungdom i alderen 0–12 år. En person registreres kun en gang per tilbud. Siden oppmøtet kan variere fra gang til gang kan det gis et anslag på hvor mange barn (unike personar) som benytter seg av tilbudet i løpet av året.

Om soknet tilbyr et tilbud, vil dere få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne siden får dere muligheten til å føre hvilke sokn som samarbeidet om et tilbud.

Babysong og småbarnsong

Arrangerte kyrkjelyden babysong eller småbarnsong for barn 0–5 år?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbød

17 stykk

Tal på deltakarar på babysong og småbarnsong

13 stykk

Søndagsskule

Dreiv kyrkjelyden søndagsskule?

Nei

i Tilbud til unge 13–17 år

Her fører ein opplærings- og diakonale tilbød til ungdom i alderen 13–17 år. Konfirmantar kan telles med dersom det ikkje er en del av den ordinære konfirmantundervisninga. Ein person registrerast berre ein gang. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Om soknet tilbyr eit tilbød, vil de få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne sida får de høvet til å føra kva sokn som samarbeidd om eit tilbød.

Leiarkurs

Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge 13–17 år?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbod

2 stykk

Tal på deltakarar

23 stykk



Tilbod til unge vaksne 18–30 år

Opplæringstilbod og diakonale tilbod til unge i alderen 18–30 år. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange unge (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Om soknet tilbyr eit tilbod, vil de få spørsmål om det var samarbeid med andre sokn. På det siste feltet i denne sida får de høvet til å føra kva sokn som samarbeidd om eit tilbod.

Kontinuerlege tilbod

Hadde kyrkjelyden kontinuerlege tilbod for unge vaksne 18–30 år?

Nei

Enkeltarrangement

Gjennomførte kyrkjelyden enkeltarrangement, leirar o.l. for unge vaksne 18–30 år?

Nei

Leiarkurs

Arrangerte kyrkjelyden leiarkurs o.l. for unge vaksne 18–30 år?

Nei



Tilbod til vaksne

Talet på grupper/tilbod.

Talet på personar som nytta tilboda? Gi omtrentleg tal på personar som nytta tilbodet i løpet av året. Ein person skal registrerast berre ein gong. Sidan oppmøtet kan variere frå gong til gong kan ein gjeve eit anslag på kor mange (unike personar) som nytta seg av tilboda i løpet av året.

Bibelgruppe, bibelring, samtalegruppe, husfellesskap

Hadde kyrkjelyden tilbod om bibelgrupper, bibelringar, samtalegrupper eller husfellesskap?

Nei

Bibelkurs

Organiserte kyrkjelyden bibelkurs?

Nei

Andre organiserte opplæringstilbud

Hadde kyrkjelyden andre organiserte tilbod med opplæring som formål?

Nei

Sorggruppe

Hadde kyrkjelyden tilbod om sorggrupper?

Nei

Eldretreff, eldrekveld

Hadde kyrkjelyden tilbod om eldretreff/-kveldar?

Nei

Andakt på institusjon og aldersheim

Heldt soknet/kyrkjelyden andakter på institusjon eller aldersheim?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på andakter på institusjon eller aldersheim

42 stykk

Besøksteneste

Hadde kyrkjelyden besøksteneste eller anna oppsøkjande verksemd?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på besøk

58 stykk

Soknebud

Blei det utført soknebud i kyrkjelyden?

Nei

Sjelesorg

Blei det utført sjelesorgsamtalar i kyrkjelyden?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på samtalar

72 stykk

Samtalar med ikkje-vigslede tilsette

Blei det utført samtalar med ikkje vigsle tilsette?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på samtalar

20 stykk

Tur

Blei det arrangert turar for kyrkjelyden?

Nei

Integreringsarbeid retta mot innvandrarar

Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid retta mot innvandrarar?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Ja

Integreringsarbeid retta mot andre utsette grupper

Hadde kyrkjelyden tilbod i samanheng med integreringsarbeid retta mot andre utsette grupper?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Særskilde tilbod retta mot menneske med utviklingshemning

Hadde kyrkjelyden tilbod retta mot menneske med funksjonshemning?

Nei

Arbeidspraksis

Hadde kyrkjelyden tilbod om arbeidspraksis for menneske som står utanfor arbeidslivet?

Nei

Middagsfellesskap

Hadde kyrkjelyden organiserte, faste middagsfellesskap?

Nei

Kriseteam og beredskap

Var kyrkjelyden involvert som samarbeidspartnar i det psykososiale kriseteamet i kommunen eller annan kommunal psykososial beredskap?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Andre sosiale og diakonale tilbod

Hadde kyrkjelyden andre sosiale og diakonale tilbod?

Ja

Samarbeidet kyrkjelyden med andre sokn om dette?

Nei

Tal på tilbod

9 stykk

Samarbeid med andre sokn

Dersom ein har svara ja for samarbeid med andre sokn, spesifiser kva for sokn det gjeld og i kva sokn deltakarne er førd i
Du har ikkje lagt inn informasjon her

Kyrkjemusikk

Hadde kyrkjelyden fellestiltak med andre sokn innan kyrkjemusikk, kor og/eller kulturarbeid?

Nei

Kor og korgrupper

Talet medlemmar telles anten ved kor mange som betaler medlemskontingent eller går i koret noelunde fast.

Dersom fleire sokn har kor eller korgrupper saman, skal det førast i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal førast i soknet der aktiviteten fann stad.

Kor for barn og unge

Tal på kor/korgrupper

0 stykk

Kor for vaksne/familiekor

Tal på kor/korgrupper

1 stykk

Tal på medlemmer i kor for vaksne/familiekor

20 stykk

Konsertar og musikkandaktar

Konsertar og musikkandaktar

Musikkgudstenester skal ikkje førast her.

Dersom fleire sokn har konsertar eller musikkandakter saman, skal det førast i eitt sokn. Hovudregelen er at det skal førast i soknet der aktiviteten fann stad.

Tal på konsertar og musikkandaktar heldt i regi av kyrkjelyden

2 stykk

Tal på personar som benyttet seg av tilbodene i regi av kyrkjelyden

445 stykk

Tal på konsertar og musikkandaktar heldt i regi av andre enn kyrkjelyden

5 stykk

Tal på personar som nytta seg av tilbodene i regi av andre enn kyrkjelyden

516 stykk

Andre kulturarrangement heldt i kyrkjelyden

Andre kulturarrangement heldt i kyrkjelyden

Kulturarrangement kan til dømes vere; foredrag, ulike markeringar av hendingar, teater, utstillingar lyrikkaftan og liknande. Konserter skal ikkje føres her, men føres på førre side.

Tal på andre kulturarrangement heldt i regi av kyrkjelyden

0 stykk

Tal på andre kulturarrangement heldt i regi av andre enn kyrkjelyden

0 stykk

Åpen kyrkje og pilegrimskyrkje

Var det tilbod om åpen kyrkje?

Ja

Tal på dagar/kveldar med åpen kyrkje i løpet av året

5

Var det tilbod om pilegrimskyrkje?

Nei

Frivillige medarbeidarar, totalt

Frivillige medarbeidarar, totalt

Her skal ein ta med dei frivillige medarbeidarane (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige.

Her tel ein person ein gong (kor mange frivillige har kyrkjelyden til disposisjon totalt).

Totalt tal på frivillige engasjert i kyrkjelydens arbeid

150 stykk

Frivillige medarbeidarar, etter verv

På denne sida skal ein ta med frivillige medarbeidarar (ta med personar som fylte 15 år i statistikkåret) som har vore engasjerte gjennom året, uavhengig av tidsrom eller mengd arbeid som er utført av dei frivillige.

Ein og same person kanførast på fleire av aktivitetane, men blir tald berre ein gong innanfor kvart felt.

Kor mange frivillige medarbeidarar (15 år eller eldre) var med i...

... planlegging og gjennomføring av gudstenester

76 stykk

... barnearbeid i kyrkjelyden (0–12 år)

37 stykk

... ungdomsarbeid i kyrkjelyden (13 år og oppover)

24 stykk

... kyrkjelydens diakonale arbeidet

11 stykk

... kultur- og konsertarrangementa til kyrkjelyden

23 stykk

... komité- og utvalsarbeid

19 stykk

... .. herav medlemmer og varamedlemmer i soknerådet

12 stykk

... anna kyrkjelydsarbeid som ikkje nemnt på denne siden

2 stykk

Opplæring og samlingar

Gav kyrkjelyden tilbod om opplærings- eller motivasjonssamlingar for frivillige vaksne medarbeidarar?

Nei

Arrangerte kyrkjelyden fest for frivillige, medarbeidarfest o.l.?

Nei

Misjonsavtaler

Hadde kyrkjelyden ein eller fleire misjonsavtale(r)?

Ja

Tal på misjonsavtaler

1 stykk

Kva land hadde kyrkjelyden misjonsavtalar med?

Kenya

Var ein eller fleire av misjonsavtalene i samarbeid med andre sokn?

Nei

Vennskapsavtaler

Hadde kyrkjelyden ein eller fleire vennskapsrelasjon(er) til ein kyrkjelyd eller organisasjon i eit anna land?

Nei

Arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema

Hadde kyrkjelyden arrangement med miljø, internasjonal diakoni og/eller misjon som tema?

Ja

Talet på arrangement

1 stykk

Spesifiser tiltak

Du har ikkje lagt inn informasjon her

Var ein eller fleire av desse arrangementa i samarbeid med andre sokn?

Nei

Ofringar, innsamlingar og gåver



Ofringar, innsamlingar og gåver

Alle beløp skal ein føre opp i heile kroner.

Kor stort beløp blei samla inn ved offer/kollekt i kyrkja?

417 559 kr

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd?

34 402 kr

Kor stort beløp blei samla inn via givartenesta i kyrkjelyden?

57 245 kr

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd?

57 245 kr

Kor stort beløp blei samla inn ved andre innsamlingar, ved gåver, basarar, messer og liknande?

51 703 kr

Kor stor del av beløpet var til eiga verksemd?

0 kr

Merknader

Her kan ein til dømes nemne/presisere forhold ved enkelte av felta dersom verdiane avvik vesentleg frå året før. Ein kan også nemne kva for felt/tal som gjeld for fleire sokn.

Merknader

Du har ikkje lagt inn informasjon her

Nettbaserte gudstenester



Nettbaserte gudstenester

Dersom de har talet på gudstenester som vart strøymde ikkje rapportert andre stader og deltakarar på desse, benytt feltene under.

Tal på nettbaserte gudstenester ikkje rapportert andre stader

0 stykk
